



Statens vegvesen

FAKTA

Rv. 7/rv. 13 HARDANGERBRUA ULLENSVANG OG ULVIK KOMMUNAR I HORDALAND

Hardangerbrua vil erstatte dagens ferjesamband på riksveg 7/riksveg 13 mellom Bruravik og Brimnes.

Brua vil tene fleire føremål:

- Gi betre kommunikasjonar lokalt i indre Hardanger
- Gi betre regionalt transporttilbod mellom Odda og Voss og mellom Bergen og Hardanger, samt vidare mot Øvre Hallingdal
- Gi betre tilbod for fjerntrafikk med ferjefritt samband aust – vest og nord – sør

28. februar 2006 vart Hardangerbrua vedteken i Stortinget.

Brua

Hardangerbrua er planlagt som ei tofelts (2x3,5m) hengebru med gang og sykkelveg (3,25m). Brua får eit hovudspenn på 1310m og ei total lengde på 1380 m. Bru-tårna får ei høgde på ca. 190m over fjorden. Seglingshøgda er planlagt til 55m.

Tilførselsveggar og tunnelar

På nordsida startar tilførselsvegen i ei tre-arma rundkøyring inne i den eksisterande Vallavik-tunnelen. Krysset fordeler trafikk mellom Granvin, Ulvik og Hardangerbrua. Tunnelarmen mot Hardangerbrua går over den eksisterande Djønotunnelen, og direkte inn på brua.

På sørsida går vegen frå brua direkte inn i ein ca. 1200 m lang tunnel som endar opp i ei tre-arma rundkøyring i fjellet. Denne rundkøyringa får ein tunnelarm i retning Kinsarvik /rv. 13) og ein i retning Eidfjord (rv. 7).

Rasteplass og bussterminal

På Bu, på sørsida av fjorden, vert det bygd rasteplass. Den vert knytt til brua med gangveg.

I tilknytning til rasteplassen vert det bygd buss-sløyfe med terminal

Prosjektering/byggeplanlegging

Statens vegvesen Region vest har prosjektansvaret for Hardangerbrua.

Bruprosjektering:

Statens vegvesen bruseksjonen i Vegdirektoratet saman med innleigde konsulentar.

Utforming av tårn og portalar.

Forum Arkitekter AS

Tilførselsveggar og tunnelar:

Opticonsult AS, Bergen.

Tilbod og byggestart

Hardangerbrua er forseinka med ca.1 år.

Samferdselsdepartementet valde å avbryte tilbodskonkurransen på tilførselsvegane til Hardangerbrua og stille krav til ein ny og avgrensa kostnadsgjennomgang for heile prosjektet. I St.prp.nr.24 (2007-2008) har departementet gitt klare føringar om at dei ønskjer ei samla utlysning av heile bruprosjektet i 2008, med høve til å gi tilbod på eitt eller fleire element av prosjektet.

Tilboda vil bli utarbeidd i fire tilbodspakkar:

- **Tilførselsveggar/tunnelar.** Tilboda vil bli delt opp i 2 pakkar slik at det er høve til å gi tilbod berre på Vallaviksida og/eller Busida.
- **Bruarbeid.** Tilboda vil også her bli delt opp i 2 pakkar slik at det er høve til å gi tilbod på berre betongarbeid og/eller stålarbeid.
- **Samla tilbod.** Det er lagt opp til felles tidspunkt for utlysning og felles innleveringsdato for tilbodspakkane. Det er opp til entreprenørane om dei vil gje tilbod på ein, to eller fleire tilbodspakkar.

Samla tilbodspakker er planlagt lagt ut i juli 2008.

Planlagt byggestart etter årsskifte 2008/2009

Trafikktal

Trafikken er berekna å auke i opningsåret frå ca. 1150 til 2000 bilar i døgeret.



Finansiering

Prosjektet er kostnadsrekna til 1810 mill. 2005-kroner med denne fordelinga:

Finansiering	%
Bompengar	60
Lokale og regionale tilskot	30
Statlege midlar	10
Totalt	100

Bompengesatsar og innkrevjing

Bomstasjon:

Bomstasjon for manuell innkrevjing vert plassert ved søre enden av brua

Takstar

På Ferjesambandet Bruravik Brimnes vil det i ca. 5,5 år bli kravd inn bompengar. Gjennomsnitt takst 28,50 kr/køyretøy (i tillegg til ferjetaksten).

Bompengar på brua i ca. 15 år. Gjennomsnitt takst 126,70 kr/køyretøy


FAKTA:

Hengebru: Hovudspenn 1310 m
 Total lengd 1380 m
 Tunnel: Total lengde 2,4 km
 T-8:5 tverrsnitt
 Veger: Total lengde 0,8 km
 Vegbreidde 7,5 m

Dimensjonerande fart 80 km/t.
 Kostnad 1710 mill 2004-kr
 Anleggsperiode ca. 2007 - 2013



Tverrsnitt brukasse:



Byggherre

Statens vegvesen Region vest er byggherre for prosjektet og er ansvarleg for gjennomføringa.

Prosjektleder: Øivind L. Søvik

Telefon: 555 16 322

E-post:

ovind.sovik@vegvesen.no

Prosjekteringsleder/ byggeleder tilførselsvegar

Magne Mo

Prosjekteringsleder/byggeleder brua

Asbjørn Valen



Statens vegvesen

Du finn meir informasjon om dette prosjektet på www.vegvesen.no

Link: www.vegvesen.no/hardangerbrua